

Den norske Legeforening avdeling Sogn og Fjordane
v/leiar Ronny Cassells
Michael Sarsgate 14
6905 FLORØ

Dykkar ref:

Vår ref:

2021/3072 - 22990/2021

Sakshandsamar:

Arve Varden

Dato:

25.06.2021

Bekymring for planlagt kapasitet i drift ved Nye Førde sjukehus

Viser til dykkar brev datert 02.06.2021, der de uttrykker uro for om Helse Førde vil dimensjonere Nye Førde sjukehus med nok kapasitet til framtidens behov. Eg viser og til orientering som underskrivne og prosjektdirektør Kjell Inge Solhaug gav på årsmøte dykkar den 25. november i fjor.

I brevet dykkar oppfattar vi at de stiller spørsmål om vi i våre framskrivingar tek høgde for å dimensjonere Nye Førde sjukehus utifrå behova. Konkret oppfattar vi førespurnaden til å dreie seg om døgnplassane i sjukehusa innan somatikken.

Innleiingsvis vil eg påpeike at Helse Førde er like opptatt av at tenestene våre skal tilpassast behova til innbyggjarane som Legeforeningen er. Helse Førde har tre somatiske sjukehus i vårt opptaksområde som samla skal dekke behovet for døgnplassar i somatikken, og denne strukturen er lagt til grunn for våre planar i åra framover.

- ***Kva er estimatet til Helse Førde for 2040 ?***

Kapasitetsberekninga for Nye Førde sjukehus er bygd på nasjonal framskrivingsmodell sine behov for spesialisthelsetenester. Det var Sykehusbygg som utarbeidde framskrivninga vi legg til grunn med basis i 2015-tal og basert på demografisk utvikling ved Statistisk sentralbyrå. Folketalet i Helse Førde sitt område vil ikkje vekse i stor grad i åra framover, men andelen eldre vil auke mykje slik de har påpeika i brevet. I framskrivninga er kapasiteten berekna utifrå forventa demografisk utvikling justert med modererande faktorar, dvs forventa endringar som følgje av utvikling av eldre i befolkninga, og ei relativt forsiktig justering for endra samhandling, ny medisinsk utvikling og meir digital og heimebehandling.

Forprosjektet frå 2018 la til grunn ombygging av eksisterande sengepostar i Førde. I 2021 vart det i staden vedtatt å bygge eit nytt bygg med 5 sengeetasjar. Dagens sengepostar vart då frigjort til andre føremål, som mellom anna pasienthotell. Eksisterande sengeetasjar utgjør ein fleksibel buffer for framtidige behov, sjølv om areala blir teke i bruk til kontor mm. Dette er ein fleksibilitet som Helse Førde vil ha på lang sikt dersom utviklinga skulle bli annleis enn det framskrivninga viser. Endra arbeidsmåte i sjukehuset vil også bidra til endra behov for senger. Mellom anna auka bruk av hotellsenger og observasjonspost i tilknytning til akuttmottak.

Prosjektet har hatt ekstern kvalitetssikring i to omgangar, sist i 2020. I rapporten til Oslo Economics står det at det er liten risiko for at det er planlagt med for liten sengekapasitet, men at risikoen er større for at det er lagt inn for stor kapasitet.

I Helse Førde monitorerer vi og diskuterer kontinuerleg kapasitetsbehov og dimensjonering i byggeprosjektet. Akkurat no blir det arbeidd med ny nasjonal framskriving som vil vere klar utpå hausten 2021, då vil også Helse Førde få nye tal.

Utifrå gjeldande framskriving er det berekna at ein kapasitet på 175 senger vil vere tilstrekkeleg i 2040. Føresetnaden er gjeldande struktur der vi har senger både ved Førde sentralsjukehus, Lærdal sjukehus og Nordfjord sjukehus.

- **Kvifor synes behovet i 2030 å vere endepunktet i prosjektet, når den største auka i eldre kjem etter 2030?**

Helse Førde har ikkje berekna med endepunkt i 2030, men har heller i våre planar sett fram mot 2040.

- **Burde man også legge inn beregninger for folketall også etter 2040 da økning I gruppen 80+ også ser ut til å fortsette å øke frem til 2050?**

Den nye nasjonale framskrivingsmodellen som blir klar i haust vil truleg sjå lenger fram. Helse Førde vil legge den til grunn i den vidare planlegginga.

Tal eldre er aukande, men utviklinga dei siste åra syner likevel nedgang i sjukehusopphald pr 1000 innbyggjarar. Nedgangen har gått raskare enn vi hadde føresett og vi er i år nede på det nivået som vi predikerte skulle vere nivået i 2040. Tala forventar vi vil svinge, men trenden med nedgang har vore stabil over år, både i Helse Førde og elles. Det er fleire enn elles i Helse Vest som blir lagt inn, medan lengda på sjukehusopphalda er på landsgjennomsnittet. Helse Førde har i 2021 ein beleggspersent på om lag 74 %.

Faktisk utvikling i døgnopphald vs framskrivingane ser ein i tabellen under, som er berekna tom 2019:

Utvikling i tal liggedøgn



Radetiketter	2015	2018	2019	F2019	F2020	F2040
FSS						
10000 - Kirurgu	7 749	7 460	6 644	7 575	7 535	6 908
14000 - Ortopoedi	10 307	9 070	8 040	10 337	10 346	10 625
21000 - Øyre Nase Hals	1 415	721	624	1 355	1 341	1 124
22000 - Auge	166	79	128	163	162	146
24000 - Kvinnekl. inikken	6 156	5 175	5 263	5 700	5 592	3 865
30000 - Medisin	14 594	14 911	13 848	14 455	14 423	14 018
35000 - Kreft	3 783	3 816	3 718	3 686	3 662	3 256
43000 - Nevrologi	5 026	4 922	5 466	4 897	4 866	4 418
44000 - Barn	2 175	2 183	2 089	2 151	2 146	2 076
45000 - Revmatologi	205	61	27	201	200	183
52000 - Fysikalsk medisin og rehabilitering	1 334	727	900	1 234	1 211	832
FSS	52 910	49 125	46 747	51 754	51 484	47 451
LSH						
10000 - Kirurgu	172	76		157	154	102
14000 - Ortopoedi	4 886	4 479	4 057	4 800	4 779	4 397
24000 - Kvinnekl. inikken	569	711	782	526	515	347
30000 - Medisin	3 712	3 535	3 664	3 634	3 617	3 401
LSH	9 339	8 725	8 503	9 117	9 065	8 246
NSH						
14000 - Ortopoedi	11	9		11	11	10
24000 - Kvinnekl. inikken	976	1 039	805	907	891	626
30000 - Medisin	5 484	5 862	5 569	5 411	5 395	5 183
NSH	6 471	6 901	6 374	6 329	6 297	5 819
Totalsum	68 720	64 751	61 624	67 200	66 846	61 517

2015/-18/-19 er faktiske tal henta frå Helse Førde sin aktivitetsregistreringar.

F2019/F2020/F2040 er tal som viser framskrivingar forventa tal liggedøgn.

Oppstillinga viser ein stor nedgang i tal liggedøgn for åra 2018 / 2019 målt mot 2015

Aktivitetsnedgangen i HFD er på eit forventa 2040-nivå allereie i 2019/2020.

Kjelde: Aktiviteten for 2018 og 2019 bygger på aktivitetstal som framkjem frå våre aktivitetstal registrert i fagsystemet DIPS. Aktivitetstala for 2015 bygget på den same kilda.

Følsomhet GUL

- ***Korleis vil Helse Førde sikre at det er kapasitet i fastlegeordninga til å buffre oppgåveoverføring til kommunane?***

Helse Førde vil i dialog med regionale og nasjonale myndigheiter legge vekt på behovet for stabilitet og rekruttering av legekompentanse både til føretaket og kommunane. Dette er avgjerande for å sikre likeverdig helsehjelp av god kvalitet. Helse Førde skal vere ein aktiv pådrivar for å styrke rekrutteringa av legar til Sogn og Fjordane. Vi skal på ein god måte legge til rette for den desentraliserte legeutdanninga som er under planlegging; kalla Vestlandslegen, og halde fram samarbeidet med kommunane om LIS1-løpa.

Vi erkjenner at det kan bli utfordrande å rekruttere nok helsepersonell i åra framover, og at dette vil kunne påverke kapasiteten vår i periodar. Helse Førde er opptatt av å få til god dialog med fastlegane om korleis tenestene best kan utformast i åra framover. Praksiskonsulentane si rolle er sentral og viktig.

Spesialisthelsetenesta har elles dei same føringane som kommunane om å tilby meir helsetenester i heimen gjennom ambulering og ved å tilby digitale helsetenester. Helse Førde ønskjer eit nært samarbeid med kommunane i helsefelleskap om dette.

Helse Førde ønskjer eit møte med Den norske Legeforening over sommarferien for å orientere nærare om Nye Førde sjukehus, og korleis vi arbeider med å sikre rett kapasitet for framtida. Å sikre at vi har eit fleksibelt sjukehus som kan justerast utifrå endringar i behov tur vi blir avgjerande.

Vennleg helsing

Arve Varden
Administrerande direktør

Kopi: Styret i Helse Førde HF

Dokumentet er elektronisk godkjent